



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato 21.04.2020
Møtetid: Kl. 15:00 - 17:00
Møtestad: Teams/ telefonmøte

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Ove Totland	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Oskar Røen	MDG

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Thorvald Moe	H	Ingen	
Monica Tjønnna	Sp	Magnus Erdal	Sp

Møtenotater:

Andre deltarar på møtet:

Nina Fredriken - byggesakshandamar
Ragnhild Lønningsdal - planleggar
Hilde-Lill Våge - leiar samfunnsutvikling

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 23.04.2020

Karl Bård Kollbotn
møteleiar

Hilde-Lill Våge
møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/2020	20/340	Faste saker	
005/2020	19/865	Offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Tømmerløypet	
006/2020	20/59	Søknad om dispensasjon frå LNF -til omlegging av veg på Jarland	

SAKNR. 004/2020: Faste saker

21.04.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Leiar Samfunnsutvikling -Hilde-Lill Våge orienterte om følgjande:

Gruvo - saka vert følgt opp med ein rapport om tiltak som skal hindre forureining. Ev tiltak vert innarbeidd i økonomiplanen for neste år.

Dagsturhytta - det er ønskje om å legge vekt på at sti fram til hytta vert universell og at ein aktuell plassering er ved Kvernesvatn. Utvalet signaliserte ønskje om ein belyst sti for å få auka attraktiviten gjennom heile året.

Bosskonteiner - Teknisk drift set ut ein bosskonteiner i Nesodden for dei som er på tur ute i naturen og plukkar med seg boss. Vi reknar ikkje med at det vert innsamlingsaksjon og utdeling av sekker for boss rundt om og plast langs strendene våre. Konteineren er meint for dette, og vi håper på at ikkje den vert fullt opp med skot frå garasjar mm. Vi lagar informasjon som går ut i media og på sjølve konteineren. Så oppmodar vi alle til ein innsats for naturen og miljøet.

Gangvegen frå Hagebotnane - informasjon vert sendt ut som vedlegg med møteboka.

Utvalet sitt kvarter: Ingen innkomne spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 004/2020 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 005/2020: Offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Tømmerløypet

21.04.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Karl Kolbotn sette fram følgjande tilleggsopplýsning i saksutgreiinga etter teksten - Reint praktisk vil det bli tale om eit økonomisk bidrag som utbyggjar yter til etableringa av vegen, som står i forhold til fordelene dei får med vegen. Reguleringsplanprosessen skal ikkje ta stilling til storleiken på dette bidraget.

"Samnanger kommune gjer også merksam på at det i framtida kan bli bygd ein idrettshall på området som er regulert til idrettslege formål i kommunedelsplanen. Dvs. Innafor det området som er markert med grøn farge i kartet. Dette kan medføre ekstra ferdsel og støy frå området som er regulert til idrettslege formål og tiltakshavar må ta hensyn til det i reguleringsplanen.

Dette vil gjelda for alle tomter som på eit seinare tidspunkt blir seld i det kommunale reguleingsområdet for boliger."

Det var røysta over tillegget som vart vedteke med 5 mot røyster:

For tillegget	Imot tillegget
Karl Kollbotn (Frp)	Øyvind Steinsland (BI)
Anja Elisabeth Markus Gjerde (BI)	Gunn Petersen (Ap)
OveTotland (BI)	Oskar Røen (MPG)
Magnus Erdal (Sp)	
Linda Kollbotn (Frp)	

Tillegget vert skrive inn i dokumentet som vert lagt ut på høyring.

Til slutt vart det røysta framlegg til vedtak med det vedtekne tillegget, som vart samrøyses vedteke.

NAT- 005/2020 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert detaljreguleringsplan for Tømmerløypet, planID 1242201901, lagt ut til offentleg ettersyn med følgjande dokument:

Plankart, dagsett 27.03.20

Reguleringsføresegner, dagsett 27.03.20

Planskildring, dagsett 27.03.20

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Situasjonsplan

Merknadsskjema med bilag

Planen skal liggja ute til offentleg ettersyn i perioden 30. april 2020 til 14. juni 2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert detaljreguleringsplan for Tømmerløypet, planID 1242201901, lagt ut til offentleg ettersyn med følgjande dokument:

Plankart, dagsett 27.03.20

Reguleringsføresegner, dagsett 27.03.20

Planskildring, dagsett 27.03.20

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Situasjonsplan

Merknadsskjema med bilag

Planen skal liggja ute til offentleg ettersyn i perioden 30. april 2020 til 14. juni 2020.

SAKNR. 006/2020: Søknad om dispensasjon frå LNF -til omlegging av veg på Jarland

21.04.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegget til vedtak var ikkje kome med i saksframlegget. Det går likevel klart fram i konklusjonen kva som vert tilrådd.

Det vart røysta over konklusjonen, som vart samrøystes vedteke. Adminisntrasjonen utformer vedtak i tråd med denne.

NAT- 006/2020 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjegrænse langs vassdrag fastsett i kommuneplanens arealdel, til etablering av ny vegtrase, slik tiltaket er skildra gjennom vedlagt dokumentasjon. Søknaden om dispensasjon klargjer fordelane med tiltaket, og viser at fordelane ved dispensasjonen er klart større enn ulempene ved å dispensere. Ei samla vurdering konkluderer med at fordelane med dispensasjon er klart større enn ulempene.